

#sjekkdeg

Livmorhalsprogrammet er eit tilbud til alle kvinner i Norge mellom 25 og 69 år. Hensikta er å førebygge livmorhalskreft ved å oppdage celleforandringar tidleg. Me ynskjer at ALLE skal få og benytte seg av dette tilbudet i kommunen vår. Denne hausten har me også høve til time hjå kvinneleg lege til alle som ynskjer det.

Slik føregår Livmorhalsprogrammet:

1. Du får tilsendt ei påminning

Når det er på tide å ta livmorhalsprøve (kvart 5 år), får du eit brev frå livmorhalsprogrammet. Det første brevet kjem det året du fyller 25 år. Deretter får du brev kvart femte år, så lenge du er innanfor aldersgruppa.

2. Du bestiller time hjå lege

Du bestiller sjølv time hjå fastlegen din. Du kan bestille via HelseNorge <https://www.helsenorge.no/timeavtaler/> eller ringe Vik Legekontor på 576 98700. Du betalar ein vanleg eigenandel.

3. Prøven vert teken hos legen

Legen tek ein [prøve fra livmorhalsen](#) med ein liten børste. Prøven sendast til eit laboratorium og vert undersøkt for HPV (humant papillomavirus), som kan føre til [celleforandringar](#). Dersom HPV påvisast, blir prøven også undersøkt i mikroskop for celleforandringar.

Når får ein svar??

Laboratoria har som mål å sende svar innan to veker, men det kan ta opptil åtte veker dersom det er stor pågang.

Kor ofte skal du teste deg?

Dersom prøven ikkje viser [HPV](#), anbefalast ny prøve etter fem år. HPV-test er ein svært følsom analyse og oppdagar fleire celleforandringar enn vurdering av cellene i mikroskop.

Hugs!! at ingen prøve er 100% sikker.

Sjølv om prøven er normal, bør du kontakte lege om du får symptom som:

- Uregelmessige blødningar
- Blødningar etter samleie
- Unormal utflod
- Vedvarande smerter i underlivet

Desse symptoma kan ha ulike årsaker, men bør alltid undersøkjast.

Er det vanskeleg for deg å gå til lege for å ta slik undersøking? Me har heimetest!!!

HPV heimetest er eit tilbud i Livmorhalsprogrammet. Målet er å auke deltakinga i livmorhalskreftscreeninga for å redusere antal tilfelle av livmorhalskreft – og alle er oppmoda til å sjekke seg. Heimetesten er tilgjengeleg for dei som av ulike årsaker ikkje tek livmorhalsprøven ved gynekologisk undersøking.

Heimetesten er tilgjengeleg hjå oss på Vik Legekontor. Alle som har gått meir enn 5 år sidan førre test kan få slik. Me fyller ut eit skjema, forklarar og instruerer deg!

#sjekkddeg

Meir info:

<https://www.fhi.no/kreft/kreftscreening/livmorhalsprogrammet/hpv-hjemmetest/#brukerveiledning-for-hpv-hjemmetest>

<https://www.fhi.no/kreft/kreftscreening/livmorhalsprogrammet/>